



**DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Statsråden

Til
Ordførarane i alle
landets kommunar

Deres ref

Vår ref

Dato

15/685-

22.04.2016

Gylne måltidsaugeblikk 2016 er i gong. Bebuarmedverknad i matomsorga i fokus

I 2015 lanserte Landbruks- og matdepartementet konkurransen «Gylne Måltidsøyeblikk». Då var det bilete av matbordet og middagsrettane som skulle sendast inn. Vi fekk inn flotte bilete og Døli i Nittedal blei kåra til vinner


Eg ber alle landets ordførarar om å inspirere aldersinstitusjonane i deira kommune til å melde seg på konkurransen Gylne måltidsaugeblikk 2016. I år vil konkurransen finne fram til dei institusjonane som mellom anna har særskild god brukarmedverknad, merksemd på lokalmat og der bebuarane har matval.

Konkurransen skal medverke til at eldre får servert personlig tilpassa måltid av høg kvalitet kvar dag. Måltidet skal være eit av dagens høgdepunkt, og målet med årets konkurranse er å skape meir engasjement rundt måltida. Måltids glede er viktig og skal mellom anna skapast gjennom involvering av bebuarane og deira pårørande, samt bruk av lokale råvarer. Eg vil i år samarbeide med Forbrukerrådet. Dei er opptekne av forbrukarval, bebuarinvolvering og medverknad frå brukarane og pårørande i matstell og mataktivitetar.

Alle alders- og sjukeheimar får tilsendt informasjon om konkurransen. I tillegg vil informasjon vere tilgjengeleg på nettsidene til Landbruks- og matdepartementet, Forbrukerrådet samt hos Fylkesmannen i kvart fylke. I konkurransen i år skal deltakarane svare på eit spørjeskjema om måltid og måltidsinnretning i deira institusjon. Svare vil bli vurderte og danne grunnlag for ei rangering. Alle svare vil bli behandla konfidensielt. Dei beste institusjonane vil få besøk av ein jury som kårar ein nasjonal vinner. Vinnaren vil bli kåra i september. Premien er i år på kr 10.000,- samt diplom og mykje ære.

Gylne måltidsaugeblikk 2016 blir gjennomført i perioden frå 20. april til 20. mai 2016.

Med helsing


Jon Georg Dale